



Sak nr D-

Vår dato:  
30.01.2017

Vår referanse:  
2008/853-2406/2017

Vår saksbehandlar:  
Kjell Magnar Mellesdal

Direkte telefonnr.:  
53 42 30 53

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET  
Postboks 8036 DEP  
0030 OSLO

## SVAR PÅ HØYRING - NOU 2016: 17 "PÅ LIK LINJE"

Vedlagt følger uttale og protokoll etter behandling i Utval for helse og omsorg 26. januar 2017, som vil vere Bømlo kommune sitt høyringssvar til NOU 2016 «På lik linje».

Med helsing  
Bømlo kommune

Kjell Magnar Mellesdal  
Kommunalsjef

*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

**Vedtak:**

Utval for helse og omsorg gjorde samrøystes slikt **vedtak**:

1. Det er positivt at det vert satsa på kompetanse og kunnskap for personale som skal arbeide med personar med utviklingshemming. Det er viktig å vere merksam på at tiltaka vil gje auka kostnader til undervisning, rettleiing og frikjøp. Det er viktig at det vert etablert relevant utdanningstilbod som også er tilpassa distrikta.
2. Det må utviklast modellar/ordningar som sikrar at økonomiske tiltaksordningar vert tilpassa målgruppa personar med utviklingshemming. Herunder ei evaluering av dagens VTA ordning gjennom NAV. Dette for å stimulere til arbeid og aktivitet.
3. Utvalet kan ikkje slutta seg til at det vert sett ei avgrensing på 6 bu-einingar i finansieringsordning knytt til bufellesskap. Tal bu-einingar i eit bufellsskap bør fastsetjast etter ei totalvurdering basert på individuelle behov og kva bu-form som gir god kvalitet for bebuar og god driftsform.
4. Det bør setjast inn økonomiske verkemidlar for å stimulere til utviklingstiltak i tenesta. Dette retta inn mot dei områda ein ønskjer utvikling. Midlar retta mot å etablere koordinatorfunksjon i tenesta/kommunane vil vere relevant.
5. Det er ønskeleg å få utarbeidd nasjonalt vegleiings- og opplæringsmateriell for målgruppa foreldre/verje og tenesteutøvarar i høve overgangar frå barn/skule til vaksentenesta og arbeidsliv.
6. Det vil generelt vere viktig å sjå økonomiske tiltak knytt til dei åtte løfta. Fleire tiltak krev styrka økonomi, og dette må følgjast opp. «På lik linje» er åtte løft for å realisere grunnleggjande rettar for personar med utviklingshemming. Dette er ei overordna målsetjing som kommune må arbeide målretta for å nå.